



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Johan Bergerud	Arkivkode: FA-V62, GBNR-32/4
Arkivsaksnr: 18/903	Løpenr: 19/461
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Naturutvalet	05.02.2019	002/2019

**GBNR 32/4 Handsamming av klage på naturutvalet sitt vedtak 23/10.2018
Leon Espelid****05.02.2019 Naturutvalet:**

Handsaming i møtet:

Saksopplysningar frå Sture Tveit (H): Sak 002/2019. G.nr. 32, b.nr. 4. Handsaming av klage på naturutvalet sitt vedtak 23.10.2018. Leon Espelid.

"Fram til 1885 var b.nr. 4 og b.nr. 7 eitt bruk, b.nr. 4. Då vart b.nr. 4 delt i b.nr. 4 og b.nr. 7. Desse bruka har difor svært mykje felles grense, m.a. går grensa om lag midt mellom bygningar i tunet. Vissnok skal grensene no avklarast med ein grenseoppgang, men b.nr. 4 grensar ikkje til korkje bnr. 3, 6, 8 og 9 som konsesjonssøkjjer eig frå før.

Eigar av b.nr. 7 ser det difor som naturleg at ho vert kontakta ved sal av b.nr. 4, då desse to bruka tidlegare var eitt bruk.

Eigar av b.nr. 7 er interessert i å overta b.nr. 4."

Framlegg til vedtak frå Sture Tveit (H):

Vedtaket i naturutvalet 23.10.2018 vert oppretthalde.

Det vart røysta alternativt over tilrådinga frå rådmannen og framlegget frå Sture Tveit.

Sture Tveit sitt framlegg vart vedteke med 8 mot ei røyst.

Røysta for rådmannen sitt framlegg	Røysta for S.Tveit (H) sitt framlegg:
Gunn Østvik Petersen (Ap)	Sture Tveit (H)
	Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)
	Vidar Tveiterås (Ap)
	Ingvild Raftevoll Bøgevik (Frp)
	Gunn Totland Moss (Krf)
	Jon Magne Bøgevik (Uah)
	Marta Fossdal (Bl)

NAT- 002/2019 Vedtak:

Vedtaket i naturutvalet 23.10.2018 vert oppretthalde.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune tek klagen frå Leon Espelid datert 20/11.2018 til følge og opphevar vedtak av 23/10.2018. og opprettheld vedtak av 6/9.2018;

Samnanger kommune gjev Leon Espelid konsesjon for kjøp av gbnr 32/4.

Saka sendast til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjersle.

Vedtaket har heimel i konsesjonslova § 1, 9, 11.

Dokument som er vedlagt:

GBNR 324 Klage til Fylkesmannen i Hordalandover konsesjonsvedtak i Samnanger kommune

GBNR 324 Klagesak Konsesjon - Merknadar

GBNR 32/4 - Handsaming av klage på konsesjonsvedtak

GBNR 324 Handsaming av klage på konsesjonsvedtak(101847)(1)

GBNR 324 - Konsesjonssak - Klage på vedtak om konsesjon (100176)

GBNR 32/4 - Kvitingen- Søknad om konsesjon for erverv av fast eigedom

GBNR 324 - Konsesjonssøknad ved overtaking av fast eigedom(91899)

Dokument som ikkje er vedlagt:

Kva saka gjeld:

Kalge på vedtak i naturutvalet 23/10.2018 om konsesjons på GBNR 32/4

Vurderingar og konsekvensar:

Opphavleg vedtak 6/9.2018:

Samnanger kommune gjev Leon Espelid konsesjon for kjøp av gbnr 32/4.

Vedtaket har heimel i konsesjonslova § 1, 9, 11.

Dette vedtaket vert påklaga av Aud Norunn Solberg 25/9.2018.

Samnanger kommune gjorde i møte i naturutvalet 23/10.2018 vedtak om å ta klage på sak av 6/9.2018 til følge :

Klagen vert teke til følge. Før konsesjon kan gjevast, må grensene for g.nr 32, b.nr. 4 klargjerast.

Andre saker som vegrett for g.nr. 32, b.nr 4 må også klargjerast. Ved handsaming av konsesjon må dette gjerast kjent også for eigar av g.nr. 32, b.nr. 7 som har sagt seg interessert i å overta heile eller deler av g.nr. 32, b.nr. 4.

Leon Espelid har den 20/11.2018 klaga på vedtaket som vart gjort i naturutvalet den 23 oktober 2018.

Det visast i Espelid sin klage til at forkjøpsrett gjennom det offentlege vart oppheva i 2001.

Det vert og påpekt at fleire av momentane i saka er av privatrettsleg karakter.

Når det gjeld klargjering av grenser er det krevd jordskiftesak mellom fleire bruk i Kvitingen mellom ann dei 2 partane i denne saka. Avklaring av grenser er eit av momentane i jordskiftesaka.

Solberg har fått anledning til å komma med merknader til denne klagen.

Desse merknadane er vedlagt

Dersom kommunen oppretthald sitt vedtak av 23/10.2018 eller 6/9.2018 vert saka sendt til fylkesmannen i Vestland for handsaming av klage.

Faktiske opplysingar

I både klagen er det i hovudsak privatrettslege tilhøve som ikkje har relevans for konsesjonsaka.

Grunnlaget for den fyrste klagen var at kommunens vurdering av § 1 nr 1,2 og 4 samt § 9 nr var feil. Dette vart kommentert i saksutgreiinga til møte 23/10.2018.

Vurdering:

Klagen til Espelid er rett-tidig

Vegrett for mellom 32/4 og 32/7 er av privatrettsleg karakter og er etter vår vurdering ikkje avgjerande for handsaming av konsesjonsaka.

Det kjem tydeleg frem av søknad om konsesjon at søker er klar over eigedommens usikre og manglande oppmåling av grenser, og at det er vilje hjå søker i å rette opp i dette. Dette er såleis satt igang med at det er krevd jordskiftesak i området.

Sjølv om totalarealet til det omsøkte bruket (32/4) er usikkert er det ikkje nok produktiv skog i området til at bruket kjem over 500 da produktiv skog som er grensa for at eigedommen reknast som ein odelseigedom med automatisk buplikt. Ei oppmåling av arealet vil såleis ikkje endre kommunen si vurdering av konsesjonslova § 11.

Landbrukskontoret ser ingen nye moment i saka og rår naturutvalet til å oppheva vedtak av 23/10.2018. og oppretthalda vedtak av 6/9.2018

Dersom Naturutvalet vel å oppretthalda vedtak av 23/10.2018 må dette grunnjevast.

Kommentar til Naturutvalet sitt vedtak 23.10.2018 om at eigar av 32/7 skal varslast ved handsaming av konsesjon.

Rundskriv M3-2017 om konsesjon, priskontroll og buplikt:

Når kommunen ser at det ligger an til avslag fordi eiendommen bør brukes som tilleggsjord av andre enn konsesjonssøker, må den sjekke om det er interesse for eiendommen som tilleggsjord. Dersom kommunen mener eiendommen bør overtas av en annen enn konsesjonssøker, må vedkommende spørres om han eller hun er interessert i å overta. En slik henvendelse bør følges av en kort orientering om adressatens stilling i saken. Det må gjøres klart at vedkommende i så fall ikke har fått noen rett til å overta eiendommen. Det bør også gjøres klart at det offentlige ikke påtar seg noen økonomiske forpliktelser

Ved fyrste vurdering av saka så ikkje kommunen at det lå ann til avslag på konsesjon fordi eigedommen burde nyttast til tilleggsjord av andre enn søker. For at så skulle vært tilfelle måtte 32/4 vore ein viktig del av 32/7 sin drift og driftsgrunnlag. Til dømes gjennom fleire års leige eller forpakting av eigedommen.